

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 28.11.2006 **Tid:** 15.00-17.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl.0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Konsulent Magda Haugen og Ordførar Marit Aase under heile møtet og psykiatrisk sjukepleiar Ingrid T. Reknes under sak 14/06.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 4. desember 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalliga og saklista vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Inge Aasgaard spurde om saka med ballbingen på Lønnebakken – kva skjer? Ordføraren orienterte om at saka skal handsamast som klagesak i Naturutvalet 29.11.06. Naturutvalet vil føreta synfaring og vurdra dei klagene som er komne inn i høve at kjommunen har gjeve byggjeløyve for oppføring av ballbingen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Dokumentasjon kring saka om **skjenkekontroll på bluesarrangement i Nordborg** 28.10.06 vart lagt fram for medlemmane. Utvalet slutta seg til Sosial-og helseiniga si oppfølging av saka.
- Ordførar Marit Aase orienterte om **framdrifta i arbeidet med 100-årsmarkeringa** for Samnanger kommune. Dei har bestemt at det vert lagt opp til ei jubileumsveke i veke 24/07.
- Ordførar Marit Aase orienterte om at representantar frå Samnanger kommune har fått løyve frå eigarane til å gå inn i den **tidlegare heimen til Nils Lauvskard** i Trengreidfjorden for å henta ut verdifulle bøker og dokument. Dette er gjort. Huset er til nedfalls og det var fare for at verdiar ville gå tapt.
- Geir Markhus orienterte om at **byggekomiteen for ny barnehage på Gjerde** har vore på synfaring i ulike barnehagar i Bergensområdet for å få inspirasjon til det vidare arbeidet.
- Audhild Olsnes orienterte om **arbeidet på Stolpane skulehus**. Huset er no tett. Det gjenstår likevel noko arbeid, men arbeidsgruppa reknar med at huset vil stå ferdig til 17.mai 2007.
- Liv Berit Kvernes Kadoor orienterte om prosjektet **”Ung i Europa”**. Det er høve til å søkja midlar til ulike prosjekt som er initiert av ungdom.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0013/06	03/00052 RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE
0014/06	06/00321 PSYKIATRIPLAN 2007 - 2010 - HANDLINGSPLAN.

0013/06

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Framlegg til vedtak::

###

Handsaming i møte:

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg:

” Framlegg til ruspolitisk handlingsplan for Samnanger kommune 2007-2011 vert vedteken med følgjande endringar.

1. Endring av ordlyd i pkt. 5.2 (side 13) nummerpkt. 1.:

Ny ordlyd: Arbeida for å forhindra, eller utsetja debutalderen for bruk av alkohol mellom unge.

2. Endring av ordlyd i pkt. 5.2 (side 13) nummerpkt 3:

Ny ordlyd: Utvikla tiltak som skaper gode alternativ til rus for unge i alderen 13-18 år.

3. Endring av ordlyd i pkt. 5.2 (side 13) nummerpkt. 5:

Ny ordlyd: Arbeida for å påverka alkoholbruken til dei vaksne i ei medviten og positiv lei. Planen vert lagt ut på høyring.”

Vedtak:

Framlegg til ruspolitisk handlingsplan for Samnanger kommune 2007-2011 vert vedteken med følgjande endringar.

1. Endring av ordlyd i pkt. 5.2 (side 13) nummerpkt. 1.:

Ny ordlyd: Arbeida for å forhindra, eller utsetja debutalderen for bruk av alkohol mellom unge.

2. Endring av ordlyd i pkt. 5.2 (side 13) nummerpkt 3:

Ny ordlyd: Utvikla tiltak som skaper gode alternativ til rus for unge i alderen 13-18 år.

3. Endring av ordlyd i pkt. 5.2 (side 13) nummerpkt. 5:

Ny ordlyd: Arbeida for å påverka alkoholbruken til dei vaksne i ei medviten og positiv lei.

Planen vert lagt ut på høyring.

0014/06

PSYKIATRIPLAN 2007 - 2010 - HANDLINGSPLAN.

Framlegg til vedtak::

Fylgjande handlingsplan for bruken av øyremerkja midlar til psykiatri vert gjort gjeldande for perioden 2007 – 2010:

Handlingsplan 2007		
Tiltak		Kostnad
Dekking av løns- og prisauke oppretta tiltak		40.000
40 % stilling heimekonsulent –	Stillinga vart besatt frå mai 2006.	55.000
Psykologstilling 20 %	Tiltaket vil truleg ikkje koma i gang før til hausten. Me har budsjettert med 5/12	48.000
Brukarundersøking	Vert gjennomført våren 2007.	10.000
Restløyving til oppfølging av brukarundersøkinga og rusførebyggjande plan	Ny politisk handsaming i juni 07	80.000
Sum (tilsvarar auke i tilskotet + frigjorte midlar)		233.000

Handlingsplan 2008		
Tiltak		Kostnad
Dekking av lønsauke oppretta stillingar		42.000
Psykologstilling 20 %	Restsum heilårsverknad (7/12)	52.000
Kulturtiltak for barn	Kan etablerast som ei utviding av kulturskulen.	50.000
Tilskot til brukarorganisasjonar	Anten til eige lokallag eller til lag i Bergen	20.000
Arrangement, kurs, aktivitetar vaksne		24.000
Ferieopphald barn	Opplegg saman med sosial- og helseeininga	20.000
Sum (tilsvarar forventa auke + frigjorte midlar)		208.000

Handlingsplan 2009 og 2010

Oppretta tiltak t.o.m. 2008 vert vidareført på same nivå.

Etter at det er gjennomført brukarundersøkingar våren 2007, skal udisponerte midlar fordelast av utval for oppvekst og omsorg.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fylgjande handlingsplan for bruken av øyremerkja midlar til psykiatri vert gjort gjeldande for perioden 2007 – 2010:

Handlingsplan 2007		
Tiltak		Kostnad
Dekking av løns- og prisauke oppretta tiltak		40.000
40 % stilling heimekonsulent –	Stillinga vart besatt frå mai 2006.	55.000
Psykologstilling 20 %	Tiltaket vil truleg ikkje koma i gang før til hausten. Me har budsjettert med 5/12	48.000
Brakarundersøking	Vert gjennomført våren 2007.	10.000
Restløyving til oppfølging av brukarundersøkinga og rusførebyggjande plan	Ny politisk handsaming i juni 07	80.000
Sum (tilsvarar auke i tilskotet + frigjorte midlar)		233.000

Handlingsplan 2008		
Tiltak		Kostnad
Dekking av lønsauke oppretta stillingar		42.000
Psykologstilling 20 %	Restsum heilårsverknad (7/12)	52.000
Kulturtiltak for barn	Kan etablerast som ei utviding av kulturskulen.	50.000
Tilskot til brukarorganisasjonar	Anten til eige lokallag eller til lag i Bergen	20.000
Arrangement, kurs, aktivitetar vaksne		24.000
Ferieopphald barn	Opplegg saman med sosial- og helseininga	20.000
Sum (tilsvarar forventa auke + frigjorte midlar)		208.000

Handlingsplan 2009 og 2010

Oppretta tiltak t.o.m. 2008 vert vidareført på same nivå.

Etter at det er gjennomført brukarundersøkingar våren 2007, skal udisponerte midlar fordelast av utval for oppvekst og omsorg.